DEN NORSKE KYRKJA

Storfjorden kyrkjelege fellesråd





Gravferd, gravplass og gravminne

Informasjon til deg som pårørande





Om oss

Storfjorden kyrkjelege fellesråd har ansvar for gravplassforvaltning i Fjord og Stranda kommunar, og forvaltar ni gravplassar. Vi yter tenester til alle som bur i kommunane – uavhengig av tru, livssyn og kulturell bakgrunn.

Å miste nokon ein er glad i er ei av livets tyngste stunder. Vi er her for å hjelpe deg gjennom det praktiske, slik at du kan bruke tida på det som betyr mest – å ta hand om sorga og vera saman med dei næraste.

I denne brosjyra finn du svar på dei vanlegaste spørsmåla i samband med gravferd, gravminne, feste og stell av grav. For meir informasjon, ta gjerne kontakt med oss i gravplassforvaltinga eller eit gravferdsbyrå



Gravferd

Når ein av dei næraste døyr

Det er mange ting som må takast hand om etter eit dødsfall. Det vanlegaste er at pårørande kontaktar eit gravferdsbyrå for å få hjelp til dette. Gravplasslova regulerer kven som er juridisk ansvarleg for gravferda, og set fristar for gravlegging.

Seremoni

Seremonien kan haldast i ei kyrkje, eit forsamlingslokale eller eit livsnøytralt lokale. Dei pårørande kan få hjelp av eit gravferdsbyrå, ein prest eller ein annan seremonileiar til planlegging og gjennomføring. Seremonien i forkant av kremasjon vert kalla bisetjing.

Kremasjon eller kistegrav

Kremasjon og kistegravferd er likestilte gravferdsformer i Noreg. Det er den ansvarlege for gravferda som bestemmer gravferdsform, men det er naturleg å ta omsyn til den avdøde sitt ynskje dersom dette er kjent.

Fristar

Kistegravlegging eller kremasjon skal skje innan ti vekedagar etter dødsfallet. Urne etter kremasjon skal setjast ned innan seks månadar.

Grav

Ei grav å gå til

Dei fleste synest det er naturleg å ha ei grav å gå til, og alle innbyggarane har rett på grav i kommunen sin. Gravlegging kan skje i ei ny grav eller i ei reservert (festa) grav.

Ei ny enkeltgrav som vert peika ut av gravplassforvaltninga er definert som ei fri grav – det vert ikkje betalt avgift for denne i fredingstida. Ved bruk av ei reservert grav gjeld festeavtalen.

Gravlegging

Gravlegging skjer vanlegvis på ein gravplass i det soknet der den døde budde, men det er også mogleg med gravlegging på ein annan gravplass i kommunen. Ønskjer ein gravlegging i ein annan kommune, kan ein ta kontakt med gravplassforvaltninga der for informasjon om tilgjenge og kostnadar.

Val av grav

Det finst ulike typar graver:

Kistegrav
Ei grav med plass til ei kiste eller seks urner.

Urnegrav
Ei grav med plass til fire urner. Førebels er det berre Ødegård gravplass som har eige urnefelt, men på alle gravplassane kan urner setjast ned i kistegraver.

Namna minnelund
Ein minnelund har eit felles minnesmerke der avdøde vert gravlagt i urnegrav som ikkje er merka. Ein får namneplate på felles minnesmerket, og det vil vere høve til å tenne lyslykter og setje avskorne blomar i vasar.

Askespreiing
Personar som er fylt 15 år kan søkje statsforvaltaren om askespreiing for seg sjølv. Det er ikkje tillate å få namnet til avdøde på eit gravminne etter askespreiing.





Feste av grav

Når ein tek i bruk ei ny grav, har ein høve til å reservere ei grav attmed – desse gravene utgjer då ein gravstad. Den som er ansvarleg for ei reservert grav vert kalla festar. Ein festar må vere ein person, og for reservert grav vert festeavgifta kravd inn for 20 år.

Fredingstid

Fredingstida er den tida det må gå mellom kvar gong ei grav vert brukt til gravlegging. På gravplassane våre er fredingstida 20 år. Det kan likevel setjast ned urner på ei kistegrav innanfor fredingstida – og når ei urne vert sett ned, vert fredingstida forlenga med ei ny periode på 20 år.

Festeavgift

Ei reservert grav og graver ein vil behalde etter fredingstida må ein betale festeavgift for. Festeavgift vert kravd inn for ein periode på fem år om gongen, og vert fastsett av kommunane. Avgifta er med og finansierer administrasjon, drift og vedlikehald av gravplassane.

Rettar og plikter

Festar har rett til, men ikkje plikt til, å setje opp eit gravminne, og er pålagt å ta vare på grava. Endringar eller overføring av festeansvar skal meldast skriftleg til gravplassforvaltninga. Det kan berre vere ein festar per gravstad.







Vi legg til rette for ei personleg og verdig gravferd, med omsorg og respekt for det som betyr mest for deg.

Hjelmeland
BEGRAVELSESBYRÅ
Til hjelp i sorga sidan 1978

Du når oss på telefon heile døgnet, alle dagar.

905 50 905

post@hjelmeland.as Storgata 8 6200 STRANDA www.hjelmeland.as

Gravminne

Det er høve til å merke ei grav med eit gravminne. Gravplasslova og gravplassvedtektene set rammene for utforming, kvalitet og dimensjonar. Gravminnet skal godkjennast av gravplassforvaltninga før det vert sett opp, og festar er ansvarleg for at det ikkje forfell eller er til fare for dei som ferdast på gravplassen.

Montering

Etter kistegravlegging kan gravminne monterast tidlegast seks månadar etter gravferda, og når det ikkje er tele i jorda. På urnegraver kan gravminne monterast rett etter urnenedsetjing. Gravminnet skal festast med to boltar til fundamentet.

Stell av grav

Det er høve til å opparbeide eit plantefelt jamt med bakken framom gravminnet. Plantefeltet må ikkje vere breiare enn gravminnet, og ikkje gå lenger fram enn 60 cm. Det er ikkje krav om å plante – ønskjer ein ikkje blomar, kan ein så til med plenfrø.

Det er lov å tenne stearinlys og oljelampar på grava, men laus dekor og utstyr skal fjernast etter bruk. Fellesrådet tilbyr gravstell på alle gravplassane – ta kontakt med kyrkjekontoret for informasjon.

Fjordferd
BEGRAVELSESBYRÅ

Stranda - Fjord - Stryn - Stad - Volda

Ditt lokale begravelsesbyrå for Stranda og Fjord
- her for deg når du treng oss





Døgnbemanna vakttelefon
tlf. 45850300
www.fjordferd.no

Vår pris for ein verdig seremoni - 24 900 kr*.
*Kostnad på annonser, blomster og gravminne kjem utanom

Blomsterkjelleren
Skodje • Brattvåg



Døgnvakt
922 34 115

Velkommen til Blomsterkjelleren As

Vi har lang erfaring innan gravferdsbransjen, og kan hjelpe til med alt det praktiske ved dødsfall og gravferdsseremoniar.

For planlegging av gravferd/bisetting, kan du møte oss på eit av våre to kontor, eller be om heimebesøk.

Vi tilpassar oss dine ynskjer og behov som pårørande i ei tung tid.

www.blomsterkjelleren.no

post@blomsterkjelleren.no Tlf: 922 34 115

Vi takkar våre samarbeidspartnarar:



Vi tar vare på graven for deg.
BYRG sørger for en vakker og velstelt grav med blomster og stell opptil fire ganger i året på Stranda & Hellesylt.

Ta kontakt for mer informasjon og bestilling.
post@byrgkompetanse.no 489 96 403

KOMPETANSE · NO
BYRG




Vi skaper lokale arbeidsplasser
Våre gravminner blir produsert fra blokk til ferdig gravstein i vår fabrikk på Nordmøre

Norsk kvalitet
Se alle våre modeller på www.gravstein.no



NERGÅRD STEINDUSTRI
6490 Eide · Tlf: 71 29 98 88
E-post: post@nergaard.no
Designet og produsert i Norge

Sylteormen Bakeri
Valldal
Syltegata 2, 6210 Valldal | Tlf: 901 29 781



DEN NORSKE KYRKJA
Storfjorden kyrkjelege fellesråd

Kontakt oss

Kyrkjekontoret –
Ødegårdvegen 3, Stranda

Telefon:
404 41 522

Meir informasjon finn du under fana «gravferd»
på våre nettsider: www.kyrkja.no/storfjorden









JS/NORGE · Concept: JS Media Tools A/S · 116638 · www.jsnorge.no

Gravplassane i Storfjorden

Stranda kommune:

Stranda kyrkje gravplass · Ødegård gravplass · Sunnylven kyrkje gravplass · Jogardsbøen gravplass i Hellesylt · Geiranger kyrkje gravplass · Liabygda kyrkje gravplass

Fjord kommune:

Sylte kyrkje gravplass · Norddal kyrkje gravplass · Stordal kyrkje gravplass